Ruben Aksnes med nytt band og ny singel. 29.02.2016

Dreamarcher er eit spennande nytt band.

Bassisten Ruben Aksnes frå Odda og Uskedalen er no klar med nytt band, Etter suksess med trioen Jitney som som dei starta som unge tenåringar i Odda, har dei no lagt ned dette bandet. No har dei tre musikarane fått med seg Viljar D. Sellevoll på gitarar, og saman utgjer dei no det spennande nye postmetalbandet Dreamarcher.

Det er mykje arbeid og nøye planlegging bak bandet som vart lansert i februar. Dette saman med det musikalske nivået til medlemmene er nok årsak til den storarta mottakinga Dreamarcher har fått.

- Vi har no jobba i rundt to år med å få alt frå album, pressebilete, musikkvideoar, konsertar og image på plass. Musikalsk er vi blitt ein del hardare enn det Jitney var, og vi har jobba mykje med andre lydar, spesielt vokalt. Vi syng no alle saman og meiner også at dette er eit meir særeige lydbilete, fortel Ruben til uskedalen.no. - Responsen har til no vore veldig bra, og vi kjem til å bruka veldig mykje tid og energi på dette framover. Det vil nok dukka opp mange spennande nyheter i tida framover også, legg den sympatiske unge bassisten til.

Han er ikkje kjend for å ta munnen for full, og dette lovar verkeleg godt. Debutalbumet er ferdiginnspelt og har samarbeidspartnarar som produsent Ashley Stubbert (Purified in Blood, Slutface) og Kristoffer Lo (Highasakite) samt Petter Vågan (The Fjords) som er gjesteartist. Det vert slept i løpet av 2016.
Singelen 'Burning The Remains' hadde premiere midt i februar, og den vart kåra til «Ukas røddigste låt» i Tete på NRK P3. Den vart vidare anbefalt for Urørt-redaksjonen. Musikkvideoen til denne låten finn de ved å klikka her.

Ruben Aksnes held for tida til i Trondheim, og han er ein ettertrakta bassist som har spela i mange spennande prosjekt. Gjennom dette har han vore delaktig i mange prisutdelingar etter at han som tenåring mottok Odda kommune sitt ungdomskulturstipend.

Med Dreamarcher skal han spela her i området på Tre Brør på Voss 24. mars og på Iris Scene i Odda 25.mars. 21. april inntar dei JohnDee i hovudstaden.



Ruben Aksnes er ein svært ettertrakta og dyktig bassist!

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto: Geir Mogen og Thor Egil Leirtrø